

## Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

"Ny 1. setning i forslaget punkt 2:

Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing."

### Røysting

Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/naboprat med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion.

Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av mogelege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget.

Forhandlingsutvalet skal fortløpende gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.

2. Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.
3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;

### Forhandlingsutval

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP)

Vara: Sveinung Valle (A)

Fylkesvaraordførar Pål Kårbø (KrF)

Vara: Benthe Bondhus (Sp)

Opposisjonen Terje Søviknes (FrP)

Vara: Mona R. Strømme (H)

Fylkesrådmann Rune Haugsdal

Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal

Hovudtillitsvald: .....

Vara: .....

### Politisk styringsgruppe

Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall.